sider 19. mars 18-03-08 13:47 Side 7

Jølstramålet blir del av eit felles-nordisk språkforskingsprosjekt

Som ein av fem målepunkt i fylket er Vassenden i Jølster plukka ut til å vere ein del av den første fellesnordiske dialektsamlinga som nokon gong er gjennomført.

F.T.: Heidi Ravnestad

Forskargrupper frå i alt ni nordiske universitet samarbeider om prosjektet "Nordisk dialektsyntaks". Frå målepunkt jamt fordelt over heile det nordiske språkområdet frå finlandssvensk i aust til islandsk i vest, frå jysk i sør til nordnorsk i nord skal det samlast inn likeartа talemålsmateriale.

Dialekten i Jølster skal granskast nærare. To yngre og to eldre menn og kvinner frå Vassenden er med i det omfattande dialektprosjektet "Nordisk dialektsyntaks". Fleire titals forskarar frå heile Norden er involvert i prosjektet.(Arkivfoto)

Fire informantar

– Målsetjinga med prosjektet er å dokumentere dialektsyntaksen i Norden. Syntaks er læra om korleis ord vert føydde saman til større einingar, altså frase- og setningsbygnad, struktur og bøyingssystem. Kort sagt gramatikk, forklarer Øystein A. Vangsnes, koordinator for prosjektet og forskar ved Universitetet i Tromsø.

Med utgangspunkt i relasjon til bygda, alder og kjønn har Vangsnes plukka ut fire informantar på Vassenden, og tidleg denne veka starta han med materialinnsamlinga. Gjennom enkeltintervju, bruk av spørjeskjema og opptak av samtale mellom dei fire informantane, skal han dokumentere dialekten i Jølster og Sunnfjord.

– I Sogn og Fjordane har vi plukka ut fem målepunkt, plukka ut med tanke på å få best mogleg spreiing ut over fylket. Vassenden vart valt fordi det ligg sentralt i Sunnfjord, og fordi det høver betre enn Førde, som har meir tettstadpreg og mykje variasjon i dialekten, fortel Vangsnes.

Samstundes som språkforskarane er i Jølster, går det også føre seg ei innsamling i Stryn.

– Vi har allereie vore i Luster, som representerar Indre Sogn. Seinare i år ventar Gulen, Bremanger og kanskje også Selje.

Forskar ved Universitet i Tromsø, Øystein Vangsnes frå Leikanger, er koordinator for det fellesnordiske prosjektet.(Foto: UiT sine nettsider)

Brot på grammatikkreglar

Språkforskaren er opphavleg frå Leikanger i Sogn, og har eit godt innblikk i dialektane i heimfylket. Ut i frå tidlegare forsking og erfaring, har han også ei viss aning om kva dialektfenomen han vil finne i Jølster. – Eit fenomen som har går att over heile Vestlandet er at spørjeord ikkje treng følgjast av det finitte verb slik tilfellet er i standard bokmål og nynorsk. I ei telefonsamtale med informantane på Vassenden kom til dømes ein av dei med spørsmålet: – Kor tid det blir då? Denne ordstillinga skil seg frå den skriftlege norma, ved at den manglar ei "subjekt/verb-inversjon", det vi innan språkforsking omtalar som V2-regelen, fortel Vangsnes.

– Tidlegare har det vore ei førestilling om at dette dialekttrekket berre er eit nordnorsk fenomen, men ein finn det langs kysten sørover og i nokre bygder i indre austland. Eg forventar å finne brot på V2-regelen også i Jølster.

Slutt på nasjonal fokus

Resultata frå innsamlingane på Vassenden og dei andre stadane i landet skal gå inn som ein del av ei fellesnordisk dialektsamling, som skal bli tilgjengeleg på internett, først og fremst for forskarar. Det er og planar om å utvikle pedagogiske instrument på bakgrunn av desse resultata.

– Ein omtalar Norden som eitt språkområde, men likevel har dialektologien tradisjonelt sett vore nasjonalt retta, med fokus på dialektskilnader innanfor eigne landegrenser. For første gang er det no sett i gang eit fellesnordisk dialektprosjekt, seier språkforskaren og utdjupar.

– Det mest interessante er ikkje likskapane innan språklege fenomen, men kvar brota mellom dialekttrekka kjem. Ved å studere utbreiinga av ulike fenomen, kven seier kva, vil vi kunne utarbeide eit dialektkart for heile Norden, forklarer Vangsnes.

Når kartlegginga vil vere ferdig er enno uklart. Det kjem an på finansieringa.

– Vi har fått pengar til halvparten av målepunkta, og i løpet av 2008 skal desse vere klare til publisering. I løpet av dei neste to åra skal vi vere i stand til å legge fram eit fellesnordisk produkt, vonar Vangsnes.

HØGSKULEN I VOLDA

Norsk i Volda

Norsk årsstudium (60 stp)
- Nettbasert m/avgift på heiltid eller deltid (lokalt opptak)
- Samlingsbasert u/avgift heiltid (samordna opptak)
- Samlingsbasert u/avgift deltid (lokalt opptak)

Norsk fordjupingsstudium (30 stp). Heiltid og deltid. Lokalt opptak
Vel mellom følgjande emne (á 15 stp):
- Biografi og roman (haust)
- Nynorsk skriftkultur (haust)
- Talemål i endring (vår)
- Litteratur og sjukdom (vår)

Meir informasjon finn du på www.hivolda.no/tilbod.
Sørvistorget, T: 70075018